


## 8. Finansiell status egenkapital / lånegjeld

### Eigenkapital

Eigenkapitalen i form av fond er delvis satt av til særskilte investeringstiltak og driftstiltak. Fond kan vere både bunde og ubunde. Bunde fond kan ikkje omdisponerast, men må nyttast til dei tiltaka dei vart gjeve.

Det vil i løpet av 2012 bli ein gjennomgang av eldre avsetningar frå fonda med tanke på å sanere gamle løyvingar kritisk.

Diagrammet under syner fordelinga av fond og den frie fondskapitalen utgjør om lag 40 mill. kr. Av dette er om lag 6,4 mill. kr. definert som bunde driftsfond – i hovudsak næringsfond




## Lånegjeld:

Lånegjelda er kommunen sine egne lån og i det følgjande er stipulert restgjeld på våre lån til sjølvkost. Ein kan låne til finansiering av ymse investeringer i same lån, noko som gjer det vanskeleg å sjå eksakt kor mykje av vår lånegjeld som er til sjølvkost.

Kommunen er i tillegg selvskyldnar til lånegjelda tilhøyrande Gol Kommunale Eigedomar AS – 46,6 mill. kr. pr. 1.1.2012.

Gol kommune er også garantist for ein del lån i andre selskap som Gol Sentrum AS og Hallingdal Renovasjon IKS (saman med andre kommunar).

Det vil bli utarbeida ei samla liste til årsmeldinga.



## Renter og avdrag:

Diagrammet syner utvikling i renter og avdrag dei seinaste tre åra. Dette er med ei relativt lån lånerente.

I diagrammet er det ikkje gjort nokon fordeling på sjølvkostområdet og dei andre låna.

